

I ein fjern galakse langt langt unna var det ein gang ein emneadministrator Luke Astrix for emnet FNI100. Studentane skulle få karakter delvis basert på labane dei hadde gjort undervegs i emnet og delvis basert på eksamen.

- Eksamen blei anonymt retta av ein ekstern sensor på ein skala frå 0-80. Den einaste informasjonen sensor hadde om kva kandidat dei retta, var eit kandidatnummer. I `exam_scores.csv` kan du sjå eit eksempel på kva slags fil sensor vil levere frå seg til Luke Astrix når rettinga er ferdig.
- Kva student som skjuler seg bak eit kandidatnummer har Luke Astrix alt gjort klar i ei eiga CSV-fil. Du kan sjå eit eksempel på ein slik fil i `candidate_numbers.csv` (men sjølvst; dette er hemmeleg informasjon, så vi viser deg berre eit dummy-eksempel).
- I løpet av semesteret har studentane også fått poeng på labane dei har levert inn. Score på labane samt anna informasjon om studentane finn du i ei fil som ser ut som `student_overview.csv`.

Sidan Luke Astrix ikkje har gjennomført FNI100 sjølv, har du fått eit viktig oppdrag:

- skriv eit Python-program som, når det køyrast, lagar ei ny fil `student_overview_with_exam_score.csv` med same data som `student_overview.csv` men med ein ekstra kolonne: poenga studenten fekk på eksamen.

Du kan anta at det alltid er eitt kandidatnummer for kvar student, og éin eksamensscore for kvart kandidatnummer.

`exam_scores.csv`

```
candidate_number;exam_score
100;78
105;70
107;45
101;32
```

`candidate_numbers.csv`

```
candidate_number;student_name
100;Rey
101;Ahsoka
105;Finn
107;Kylo
```

`student_overview.csv`

```
student_name;lab1;lab2;lab3;lab4
Kylo;25;20;23;22
Rey;20;22;25;24
Finn;22;23;24;25
Ahsoka;20;2;1;0
```

Forventet resultat i `student_overview_with_exam_scores.csv` (legg merke til den ekstra kolonnen):

```
student_name;lab1;lab2;lab3;lab4;exam_score
Kylo;25;20;23;22;45
Rey;20;22;25;24;78
Finn;22;23;24;25;70
Ahsoka;20;2;1;0;32
```

Tips til hjelpefunksjonar som kan vere nyttige å skrive:

- Hjelpefunksjon for å lese ein semikolon-separert CSV-fil.
- Hjelpefunksjon for å skrive ein semikolon-separert CSV-fil.
- Hjelpefunksjon som returnerer kandidatnummeret for ein gitt student.
- og så vidare...